



RADØY KOMMUNE
Austebygd skule og barnehage
5939 Sletta

Referat frå møte i Samarbeidsutvalet/Skulemiljøutvalet ved Austebygd skule og Austebygd barnehagehage, 30.11.16

Tilstades på møtet:

Jannike Steindal Nordanger	(FAU - leiar skulen)
Ingunn Straume	(FAU - leiar barnehagen)
Linn G. Lunde	(vara-representant frå foreldrerådet skulen)
Kenneth Blomvågnes	(nestleiar FAU barnehagen)
Ingrid Rikstad	(repr. for tilsette i barnehagen)
Elin Nøttveit	(repr. for undervisningspersonalet ved skulen)
Karoline Kaarstad	(repr. for andre tilsette ved skulen)
Knut Morten Straume	(foreldrerepr. SFO)
Frøya Gabrielli	(repr. for elevrådet)
Sindre Kolås	(vara-repr. for elevrådet)
May Britt Vågenes Gjerde	(repr. frå kommunen)
Torunn Tolleshaug Hovden	(rektor/repr. for kommunen)

Innkalling m/sakliste og vedlegg var sendt ut på førehand (også til vara-representantar).

Sak 1. Konstituering av SU/SMU

Vedtak: *Jannike Steindal Nordanger* vart vald til leiar i SU/SMU
Ingunn Straume vart vald til nestleiar i SU/SMU

Sak 2. Høyring på skule- og barnehagerute for Radøy for 17/18

Samarbeidsutvalet såg på rådmannen sitt framlegg til skule- og barnehagerute for Radøy for neste skuleår. Det kom ingen framlegg til endringar til denne.

Vedtak: *Samarbeidsutvalet ved Austebygd skule har ingen merknader til rådmannen sitt framlegg til skule- og bhg-rute for 17/18.*

MERK: Særutskrift av denne høyringa vart sendt inn til Radøy kommune, 30.11.16

Sak 3. Godkjenning av Lokal årsplan for 16/17 for Austebygd barnehage.

Styrrar informerte om årsplanen, med litt ekstra fokus på det gjennomgåande temaet som er valgt for dette barnehageåret; "Nærmiljøet vårt".

Vedtak: *Lokal årsplan for Austebygd barnehage 16/17 vert godkjend.*

Sak 4. Revisjon av to underpunkt i Austebygd skule sine ordensreglar

1. RESPEKT OG TRIVSEL

5. strekpunkt: "Handlingsplan mot mobbing" blir erstatta av følgjande tekst:
"Handlingsplan for å sikra eit GODT PSYKOSOSIALT SKULEMILJØ"

3. OMSYN OG OMTANKE

6. strekpunkt: (Er det nødvendig å bruka mob.tlf. etter skuletid, skal eleven levera melding om dette. Læraren oppbevarer tlf. til skuledagen er slutt.) – blir erstatta av følgjande tekst :(Har elevar med seg mobiltelefon, leverer dei den inn når dei kjem på skulen. Mob.tlf. vert oppbevart på kontoret til eleven går heim.)

Rektor informerte kort om bakgrunnen for endringsframlegga. Elevrådsrepresentantane uttrykte seg einige i framlegga, og at dagens praksis alt er i tråd med det siste framlegget.

Vedtak: Framlegg til endringar i punkt 1 og punkt 3 i "Forskrift om Ordensreglement for Austebygd skule" vert vedtekne.

Sak 5. Høyring på revidert handlingsplan for godt skulemiljø - Austebygd skule

Rektor orienterte litt om at skulen sin opprinnelege plan for dette området; "Austebygd skule sin Handlingsplan mot mobbing", hadde blitt laga då skulen tidlegare var med i eit prosjekt gjennom Atferdssenteret i Stavanger (Vart ZERO-skule). I tillegg til personalet, var både ein del elevar og foreldre på skulen med på dette prosjektet.

Opplæringslova Kap. 9a handlar om kvar enkelt elev sin rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø. For Austebygd skule sin del, var det no behov for ein revisjon av "den gamle" handlingsplanen vår. Spesielt var det trong for å få fram endå tydelegare prosedyrar for kva skule og heim skal gjera når elevar opplever at dei ikkje har det bra på skulen.

Radøy kommune fekk sommaren 2016 skriftlege internkontroll-rutinar for Kap. 9a, både for skulane og for skuleeigar. Denne internkontrollen er no innarbeidd i Austebygd skule sin reviderte handlingsplan. Tittelen på planen er no endra til "Handlingsplan for å sikra eit GODT PSYKOSOSIALT SKULEMILJØ – Austebygd skule"

Vedtak: "Handlingsplan for å sikra eit GODT PSYKOSOSIALT SKULEMILJØ – Austebygd skule" vert vedteken.

Sak 6. Godkjenning av Lokale vedtekter for Austebygd SFO.

Rektor informerte om at Radøy kommune sine SFO-vedtekter inneheld eit punkt om at kvar SFO også skal ha eigne lokale vedtekter. Desse skal m.a. seia noko om satsen på mat og tur pengar, og om prisen på kjøp av "lause" timar på SFO. Prisane vart gjennomgått på møtet.

Vedtak: "Lokale vedtekter for Skulefritidsordninga ved Austebygd skule - rev. 2016" vert vedtekne.

Sak 7. Eventuelt andre saker.

Ingen saker vart melde inn her.

Austebygd skule og barnehage, 2.desember 2016

Jannike Steindal Nordanger
leiar SU/SMU

Torunn Tolleshaug Hovden
rektor/skrivar SU/SMU